


# Teikningsinnbyding

## Skal vi byggje Bakkejekta ilag?



Har du høyrte om Bakkejekta? Ho er ei lita jekt frå Holmedal i Sunnfjord, 30 fot lang og bygt truleg rundt 1750 av Sjur Vindheim. Ho er ein av Norges aller eldste bevarte båtar. Du har kanskje sett henne på Kystmuseet i Florø, der ho no, etter eit langt og omskiftande liv, nyt livskvelden.

Bakkejekta lasta om lag 40 tønner og var ein av den tida sine kystfraktesbåtar. Dei frakta ved, tønner med sild og andre varer til Bergen, og "kjøpevarer" med heimatt. Fleire gardar eller eit bygdelag eigde gjerne ei jekt saman.

Bakkejekta var rekna som ei svært rask jekt, og Jens Sørensen Bakke (fødd i 1866) fortalde til båtgranskaren Bernard Færøyvik om ein tur dei hadde til Bergen då han var gut. Dei reiste frå

Holmedal kl. 9 om morgonen og var i Bergen kl. 4 om ettermiddagen. Lasta var 11 dyr som dei leverte undervegs. Dette vil seie ein gjennomsnittsfart på 9,7 knop! Men då måtte dei ha hatt ein god nordavind i ryggen. Svikta vinden, og jekta måtte roast, var nok kvar mil eit slit.

## Partslaget Bakkejekta

er privatpersonar, bedrifter, institusjonar, kommunar og bankar som byggjer ny Bakkejekt som kopi av den gamle jekta. Den nye Bakkejekta skal fremje interessa for kystkultur, historie og handverk i regionen, knyte oss betre saman på tvers og langs av fjordar og fjell, og gje oss innsyn i byggjing og bruk av jektene i den tid dei var livsnerva mellom bygdene og mellom by og bygd.

Bakkejekta er under byggjing ved Jensbua i 2004 – 2005 i ein kombinasjon av profesjonell innsats og dugnader. Når den er ferdig, får alle partshavarar rett til ein viss bruk av jekta saman med andre. For jekta skal binde fjorden og folket saman – hugs det!



## Blir du med oss?

Ja, eg vil teikne meg for ..... part(ar) i Bakkejekta:

Stad/dato:	Namn:	Adresse:
E-post:	Telefon:	

Send denne til:

Bakkejekta, Stiftinga Jensbua, postboks 24, 6961 Dale i Sunnfjord. Konto: 3755.11.06749

Telefon: 57 73 90 20 Telefaks: 57 73 90 21 Mobil: 91 38 34 59

E-post: [ove@jensbua.no](mailto:ove@jensbua.no)

[www.bakkejekta.no](http://www.bakkejekta.no)